

ÅRSMELDING

2022




Sotra Øygarden Turlag




TURÅRET 2022

Turåret 2022 har vore variert. Seniorgruppene har hatt eit godt tilbod med mange deltagarar. Dei andre gruppene har hatt lite eller ingen aktivitet grunna mangel på frivillige. Tilgangen på frivillige er framleis prega av dei to åra med pandemi og restriksjonar.

Kystpasset er framleis populært, med mange tusen innsjekk. Nærturar har vore populære og stadig fleire oppdagar dei flotte naturperlene i kommunen vår.



KYSTPASSET



I mars 2022 vart Kystpasset lansert for tiande gong. Det var den fjerde utgåva som dekka heile Øygarden kommune. Opphaveleg inneholdt Kystpasset turar i gamle Sund Kommune. Kystpasset er eit lågterskeltilbod som er gratis for alle. Det vert delt ut i butikkar, på bensinstasjonar og på biblioteka i kommunen. Det er også råd å få tak i Kystpasset i Tursenteret til Bergen og Hordaland Turlag. Kystpasset 2022 inneholdt 10 nye turarar. Styret heldt fram med fokus på tydeleg merking av løypene, nøyne turskildring på UT.no og i Kystpasset. Kartutsnitta i Kystpasset vart produsert i samarbeid med kartavdelinga i kommunen.

Det var stor pågang då Kystpasset vart lansert i mars. Det var mange som nytta den nye UT-appen til å sjekke inn på turane, men etter kvart var det fleire

som gjekk over til papirutgåva grunna problem med innsjekk i appen. DNT sentralt arbeider kontinuerleg med utbetring av den nye UT-appen.

Kystpasset er planlagt å verte vidareført i 2023, men med færre nye turmål. Det har vore ei utfordring å finne turar som dekker behovet for parkering.

Me takkar alle våre sponsorar som støttar oss økonomisk til å produsere Kystpasset.

Statistikk Kystpasset i Sjekk-UT	2019	2020	2021	2022*
Totalt innsjekkingar	3316	21221	27.871	18.223
Påmeldte deltagarar i sjekk-UT lista	660	2286	2585	1340

*Status 2022 er teke ut 20. januar. Kystpassperioden gjeld fram til 1. mars.

Liatårnet er mest populær med 1608 innsjekk. Signalen kjem på andre plass med 1030 innsjekk og Veten på tredje plass med 979 innsjekk.

Me har delt ut omlag 14.000 kystpasshefter, og omlag 3500 klippekort.

GLESVÆRLØPET

Glesværløpet 2022 gjekk av stabelen 30. oktober. Det var 81 deltagarar. Sotra Øygarden Turlag var medarrangør på dette løpet som er arrangert av Glesnes ungdoms- og idrettslag.

BARNAS TURLAG / TURBOKLUBBEN

Barnas Turlag har hatt lite aktivitet utanom Kom Deg Ut-dagane i 2022. Me hadde eit arrangement i mai. Dette var eit samarbeid med Husflidlaget for å markere frivilligåret 2022. Her var det 12 barn og 6 vaksne som deltok. Turboklubben hadde aktivitet ein gong i månaden første halvdel av året. Det var 10 faste deltakrar i Turboklubben. Aktivitetane hadde fokus på kystfriluftsliv, med mellom anna padling og sjømat i fjøra. Etter sommarferien vart det ikkje oppstart av Turboklubben igjen grunna mangel på turleiarar.



Kom Deg Ut-dagane

Me arrangerte Kom Deg Ut-dagen to gongar i 2022. I februar var det arrangement i Trollskogen på Algrøy. Me hadde pølsegrilling på bål, Tur Tipp og fri leik i skogen. Her var det om lag 50 deltakrar. Det var også eit arrangement nord i kommunen, men grunna dårleg vér var det berre 12 deltakrar.

I september var det skikkeleg sommarstemning då me arrangerte Kom Deg Ut-dagen på Kårvæitpollen. Sola steikte og det var mange som leikte i fjøra. Det var omlag 100 deltakrar. Me hadde med oss to flinke ungdomar som hjelpte til med ansiktsmaling. Dette var populært.



Samarbeid med andre lokallag

Grunna lite aktivitet i Barnas Turlag har det ikkje vore noko samarbeid med andre lokallag i 2022.

Frivillige i Barnas Turlag og Turboklubben



Me er få frivillige i Barnas Turlag. Me har ikkje lukkast med å rekruttere nye i 2022. Per i dag har me fire frivillige i Barnas Turlag. Alle desse har grunnleggande turleiarutdanning. Barna til dei frivillige har blitt for store for Barnas Turlag, så dei frivillige har høgare terskel for å organisere aktivitetar i Barnas Turlag. Me fekk god hjelp av Onsdagsgruppa i samband med Kom Deg Ut-dagen i september.

Turboklubben er eit viktig fritidstilbod som me ynskjer å vidareføre i 2023. På DNT sitt landsmøte i juni vann Turboklubbene i Bergen og Hordaland Turlag Bærekraftprisen. I tillegg vann Turboklubbene årets Frivilligpris i Vestland Fylkeskommune. Dette viser at Turboklubbene har stor betydning innan det frivillige arbeidet. Me arbeidar vidare med rekruttering i 2023.

DNT Ung

Det har ikkje vore aktivitet i ungdomsgruppa i Øygarden i 2022.

Opptur

Grunna for få frivillige vart det ikkje arrangert Opptur dette året. Tranevågen ungdomsskule hadde eit eige arrangement for sine elevar. Sotra Øygarden Turlag sponsa dei med Opptur T-skjorter.

KYSTSPORTGRUPPA

Kystsportgruppa er ei ny turgruppe som vart starta i mai 2021. Etter pandemien har det vore vanskeleg å rekruttere frivillige til denne gruppa. Aktivitetane som vert arrangert krev høg turlearkompetanse og det er naudsynt med sertifiserte instruktørar til dei kystrelaterte aktivitetane.



SØNDAGS-, TIRSDAGS- OG ONSDAGSGRUPPA

Søndagsgruppa, Tirsdagsgruppa og Onsdagsgruppa er vidareføring av turgrupper frå tre tidlegare turlag.

SØNDAGSGRUPPA

Søndagsgruppa har hatt ein sesong med varierande frammeøte. Særleg hausten har vore skral med eit snitt på 6 deltagarar. Året sett under eitt hadde 14 turar, med alt frå 3 til 19 deltagarar. Det har vore totalt 125 deltagarar, inklusiv turleiarar. Den beste turen innhaldsmessig var turen i Tjeldstømarkja med Trygve Fjeldstad som leiar. Ein kunnskapsrik mann, og ein god forteljar.

7-fjellsturen i mai hadde 14 deltagarar. Det var varmt og fint vér.

Turleiarar og turleiararmøter.

Ingen organiserte turleiararmøter i 2022. Leiar for søndagsgruppa trekkjer seg frå sitt verv. Ny leiar i 2023 vert Gudrun Johanne Kausland, tidlegare styremedlem i Sotra Øygarden Turlag.

Uhell

Ingen uhell registrert.

Frå 7-fjellsturen 2022. Foto: Turid Espesog.



TIRSDAGSGRUPPA

Tirsdagsgruppa starta med turar den 8.mars. Det var 27 turar og tilsaman 438 deltagarar. Turåret vart avslutta 22. november.

Dei fleste turane var sett opp i Øygarden kommune, og alle vart gjennomført. Oppmøte var varierande, frå 7 til 33 deltagarar. Det var alltid med to turleiarar. Dei mest populære turane var dei som gjekk til Veten, Bekhilderen, Bekkjarvik, Forland rundt og Glesnes rundt. Siste turane vår og haust gjekk til Bekkjarvik og Glesvær der vi fekk servert fiskesuppe.

Turleiarar og turleiarmøter.

Me har hatt fem turleiarmøter dette året.

Uhell

Ingen uhell registrert.



Tirsdagsgruppa på tur til Bekkjarvik. Foto: Gudrunn Johanne Kausland

ONSDAGSGRUPPA

I 2022 hadde onsdagsgruppa 30 datoar på sin turkalender. Mesteparten av turane var i Øygarden kommune, men det var også turar til nabokommunar. Utanom desse var det sett av dato for hjelp ved Opptur, heildagstur til Solund, fem døgns tur med opphold til Bergsjøstølen, Ål, og avslutning av turåret.

Ein tur i januar endra vi grunna mykje vind ute ved havet, Kolltveitmarka var eit meir sikkert turområde den dagen. Også i februar måtte vi endre turmål grunna sterk vind. Utanom det, har det vore mange våte turar i 2022. Regn, våte og blaute stiar mange plassar.

Den 8. juni var siste tur før ferien med ein fantastisk dagstur tur-retur Bergen - Solund.

42 personar fekk oppleve øyane der nord, guida både frå båt, og med turar på land. Ein fin tur, med mange gode minner.

14. - 19. august var me på opphold på Bergsjøstølen Fjellstue, Ål. 36 personar var med. Det var ein glad gjeng som kunne gå tur i kjempefint, lett terreng rett utanfor fjellstova, og kvar dag med fint turver.

På Kom Deg Ut Dagen 4. september var det fleire frå onsdagsgruppa som hjalp til.

I oktober var kontaktpersonen for onsdagsgruppa med på styremøte for orientering om styrets arbeid og samarbeid med turgruppene.

Siste dato på turkalenderen var 30. november. Det vart eit sosialt samvær på Røde Kors-huset på Straume. 36 personar deltok.

På nærturane i 2022 har det delteke i snitt 27 personar, med turleiarar.

Turleiarar og turleiarmøter.

Gjennom året har gruppa hatt åtte aktive turleiarar. Det er alltid to turleiarar på turane.

Nye turleiarar i 2022 er Randi Hop Fjæreide og Evelyn Marie Tofterå Persson.

Tormund Wågø sluttar som turleiar. Han starta i Fjell Turlag i 2016 og vart med vidare i Onsdagsgruppa til Sotra Øygarden Turlag. Takk for innsatsen, med mange fine turar!

Ein ny person har meldt seg til å bli turleiar, og er villig til å ta kurs.

Nærturleiarkurs blir arrangert i 2023.

Vi har hatt to turleiarmøte for oppsett av turkalender, og andre aktuelle saker.

Uhell

Det er registrert eitt uhell med ankelbrot på ein av våre turar i 2022. Trass uhell, og ei tid med gips, så er vedkomande tilbake med oss på turar. Veldig kjekt.



Sollund. Foto: Anne-Liv Foldnes Bjørsvik

DUGNADSGRUPPA

Det har ikkje vore mogleg å danne ei dognadsgruppe i 2022. Dugnadsgruppa manglar leiar. Det har vore drøfta i styret til Sotra Øygarden Turlag om Dugnadsgruppa kan organiserast utan leiar, men med styret som kontaktpunkt når det er behov for å få organisert dugnad.

Sotra Øygarden Turlag har sponsa fleire dognadsprosjekt som vart leia av velforeninger og bygdelag.

- Materialer til benk og klopper på stien mellom Sekkingstad og Fjæreide
- Materiale til klopper på stien Glesvær rundt.

Det har også vore utført merking og skilting på nye Kystpassturar 2022.

Øygarden har eit stort nettverk av stiar som treng vedlikehald. Dugnadsgruppa har ikkje nok frivillige til å halde vedlike alle stiane. Velforeiningar og grendelag har mange dyktige frivillige som hjelper til.



OVERSIKT DUGNADSTIMAR

DUGNAD	Komit� / Styrearbeid	Turleiar / instrukt�r	Feltarbeid	Anna	Totalt
Tal aktivitetar	22	124	37	8	191
Tal deltagarar	52	217	78	18	365
Tal timar totalt	223	1539	328	92	2182

Alle dugnadstimane totalt utgjer **1,2**  rsverk.

Turar og Kurs	Vaksne		Born/ Familie		Senior		Opne arrangement	Turpostar	Medlemsm�te	Totalt
	Turar	Kurs	Turar	Kurs	Turar	Kurs				
Antall arrangement	19	2	4	-	61	-	3	30	1	90
Antall deltagarar	163	29	54	-	1142		163	113.000	23	1574
Deltakardagar	163	29	54	-	1278		163	113.000	23	1710



STYRET SITT ARBEID

Sotra Øygarden Turlag



Styret i Sotra Øygarden Turlag har hatt sju styremedlemmer i 2022.

Styret har ikke hatt varamedlem.

STYRET I SOTRA ØYGARDEN TURLAG 2022

Heidi Reisegg Endal	Styreleiar. Leiar i Barnas Turlag / Turboklubben
Lars Bjoland	Kasserar
Runhild Sivertsen Rokkan	Skrivar
Vidar Tverfjell	Styremedlem
Janne Espe Fjæreide	Styremedlem
Gitte Gjaldbæk Bjørøy	Styremedlem
Karstein Golten	Styremedlem

VALNEMNDA I SOTRA ØYGARDEN TURLAG 2022

Stine Sanden (permisjon)

Rune Alvsaker Erichsen

Bjørn Nesbø

Styret har gjennomført 6 styremøter i 2022. Eitt møte vart avlyst i juni. Eitt styremøte vart gjennomført på Teams. Resten av møta vart gjennomført fysisk i møtelokale på Sotra Arena og Bildøyhallen.

FELLESMØTER

I mars var styreleiar med på Bergen og Hordaland turlag sitt fellesmøte for alle lokallaga. I april var styreleiar med som ordstyrar på Bergen og Hordaland Turlag sitt årsmøte og var i juni med som ordstyrar på DNT sitt landsmøte. Landsmøtet vart arrangert i Haugesund.

Styrleiar representerte også Sotra Øygarden Turlag ved opninga av Rongevær Kysthytte.

Bergen og Hordaland Turlag sitt fellesmøte med alle lokallaga i november vart arrangert på Osterøy. Styreleiar og eitt styremedlem frå Sotra Øygarden Turlag deltok på dette møtet.

LAGER OG MØTELOKALE

Turlaget har lager i Turlagshuset på Gjerdet. Det har ikkje vore utført noko arbeid med Turlagshuset i løpet av 2022. Styret i Sotra Øygarden Turlag har nytta Sotra Arena sine møtelokaler ved gjennomføring av styremøte grunna betre tilgang til nett og IT-utstyr.

DIGITALE KANALAR

Sotra Øygarden Turlag sin største digitale informasjonskanal er Facebook. I midten av januar hadde me 2021 følgjarar. Her har me potensiale til å få fleire følgjarar sidan det er mange som kontaktar turlaget i samband med Kystpasset.

Me har i også ein Instagramkonto der det i midten av januar var 903 følgjarar.

Me bruker også heimesida vår sotraoygarden.dnt.no til å formidle informasjon.

Sotra Øygarden Turlag har vore intervjua i sakar i Vestnytt fleire gongar i løpet av 2022, så her har me nådd ut til fleire.

Det er mange av innbyggjarane som har eit eksemplar av Kystpasset, så dette er ein viktiginformasjonskanal for formidling av informasjon om turlaget.

Sotra Øygarden Turlag har fått hjelp av informasjonsleiar i Bergen og Hordland Turlag til å lage film om Kystpasset 2022. Denne filmen ligg også på YouTube, saman med andre filmsnuttar frå våre turmål her i Øygarden.



REKRUTTERING

Lokallag	Medl. 2018	Medl. 2019	Medl. 2020	Medl. 2021	Medl. 2022
Fjell	1052	1100			
Sund	246	266			
Sotra Øygarden Turlag	(1298)	(1366)*	1601	1710	1624

*I 2019 var det totalt 1474 medlemmer, inkludert dei som var DNT-medlem i gamle Øygarden kommune.

Ved utgangen av 2022 hadde Sotra Øygarden Turlag 1624 medlemmer. Dette er ein nedgang på 5%. Dei fleste lokallaga i Bergen og Hordaland Turlag har hatt nedgang i 2022. Per i dag er det 4% av innbyggjarane i Øygarden som er DNT-medlem.

TURLEIARUTDANNING

Sotra Øygarden Turlag har registrert rundt 30 turleiarar med grunnleggande turleiarutdanning. Det er ein del av desse som ikkje har vore aktive dei siste åra.

Vi ynskjer å ha flest mogleg sertifiserte turleiarar, for å sikra høg kvalitet på våre aktivitetar. Vi treng stadig nye frivillige. Det er også ynskje om oppfrisking og meir kompetanse for dei som er aktive. Turleiarane er sentrale i all aktiviteten vår, og styret må difor ha fokus på rekruttering. Styreleiar og leiar for onsdagsgruppa var med på Bergen og Hordaland Turlag sin frivilligsamling i desember. Det var to dagar med konferansar, kompetanseheving og sosialt samvær. Kunnskapen tek me med i det vidare arbeidet i Sotra Øygarden Turlag og me rådar fleire til å delta på denne samlingen.




TRYGGLEIKSARBEID

Sotra Øygarden Turlag har fokus på tryggleik knytt til våre arrangement. Det er etablert faste rutiner for varsling av uheldige hendingar. Alle turleiarar skal ha «turlederens beredskapsplan» med i sekken. Sotra Øygarden Turlag sin Turleiarkoordinator sørger for å oppdatere, informere og minne turleiarane om tryggleiken rundt arrangement og aktivitetar.

I mars vart det arrangert førstehjelpskurs for turleiarane. Det var 16 turleiarar som deltok på dette kurset arrangert av Røde Kors, i Sotra Arena.

Sotra Øygarden Turlag har tilsynsavtale på dagsturhytta Larslibua. Hytta er populær med mange besøkjande. Det vert utført tilsyn annakvar veke gjennom heile året. Inntrykket er at hytta vert godt teken vare på av dei som besøker den. Det er registrert 900 innsjekk på Larslibua i heile 2022. Det er fleire som besøker dagsturhytta utan å sjekke inn i appen.



GAVER OG STØNAD TIL SOTRA ØYGARDEN TURLAG

Spleis innsamling "Gutta på tur..."	21.528
Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest	30.000
Sponsormidler Kystpasset 2022	78.000
Tippemidler grasrotandel	29.592
Dagsturhytta	10.000 kr

ØKONOMI

Sjå vedlegg.

VAL

Valnemnda sitt framlegg til styre 2023

Alle kandidatar er kontakta og har sagt ja til dei ulike verva.

Framlegg til kandidat som styreleiar (blir valt for 1 år):

1. Heidi Reisegg Endal (leiar)

Kandidatar som ikkje står på val:

1. Vidar Tverfjell
2. Lars Bjoland—kasserar
3. Gitte Gjaldbæk Bjørøy

Framlegg til kandidatar som styremedlemmer (blir valt for 2 år):

1. Helene Kleppe
2. Anne-Liv Foldnes Bjørsvik (varamedlem)

I det nye styret vil det vere 5 personar. Det er redusert med 2 frå 2022.

Revisor (blir valt for 1 år):

- Anita-Elin Fedøy

Framlegg:

Årsmøtet gjev det nye styret fullmakt/mandat til å finne kompetent person som fyller rolla som revisor.

Forslag til kandidatar for valnemnd (blir valt for 3år):

1. Bjørn Nesbø på val om 1 år
2. Rune Alvsaker Erichsen på val om 2 år.
3. N.n.

Valnemnda vel sin eigen leiar.